



Referat møte i Team Hardanger(TH)

Onsdag 16.02.2021 kl 0900-1100 Digitalt: Google MEET

Møtte: Jan Tjosås, Jon Nedkvitne, Lisbeth Bygstad Celik, Sigmund Vereide, Anna Gursli Langesæter, Inge Håvard Aarskog, Mona Hellesnes, Andreas Skogseth, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

1. Uttale til Planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Dialog om framdrift og tilnærming til denne saka?

For å få denne behandla i kommunestyra i Hardangerkommunane før uttalefristen, må det skje raskt. Ullensvang kommune har allerede skrive sak, og er klar til å melda den opp. I det arbeidet har Ullensvang sett seg godt inn i forslaget og gjort nokre refleksjonar:

VLFK må vera tydelege på at kommunane har sjølvstyre, og legga føringar deretter.

Kommunane må og vil ta eigne valg.

Kva med statlege arbeidsplassar - med kortare avstand til VLFK og IN m.fl, ville det vore eit viktig verkemiddel for distrikta - det er absolutt ein moglegheit.

Hardanger bør melda inn at det også må lagast eigne temaplanar for desse temaområda:

- ★ INDUSTRI
- ★ REISELIV
- ★ LANDBRUK
- ★ VASSKRAFT

Dersom me f.eks ikkje får eigen temaplan for reiseliv, vert det ikkje heilheit i dette arbeidet, og tvert imot pakka inn i andre saker med mindre handlekraft. Det er meirarbeid å laga slike planar, men svært viktig. Og strengt tatt burde ein slik overordna temaplan vera klar før f.eks Hardanger lagar eigen reiselivsstrategi. Pr. dags dato har VLFK ein handlingsplan for reiseliv i 2021, og ein gammal strategi frå 2013. Det er lite offensivt for ein reiselivsdestinasjon som Vestland er.

Distrikta er därleg representert i styringsgruppe, dvs fråværande, og heilt utan posisjon. Dette kan me ikkje godta. Denne representasjonen er skeiv og gjer oss meir sårbare. At alle er representerte i "gruppearbeid" er ikkje godt nok, for overordna rammer vert sett av styringsgruppa.

Korleis skal me vinna fram og vera med å setja dagsorden ?

Me må målbera synspunkta våre og koma fram til tema som er viktige for Hardanger.

Kan me verta einige om at dei temaene er så viktige, at dei alle bør ha eigen temaplan? (Industri-reiseliv-landbruk-vasskraft).

Kan me koma fram til felles uttale for Hardanger, etter at alle har arbeidd med den i eigen organisasjon.

Det er påfallande kor lite planen fokuserer på Hardanger, og distrikta.

Me må melda inn krav og forventningar til kva som skal til for å ta heile Hardanger i bruk. Kor mykje kan bindast inn i ein plan, og kven kan ein forplikta?

Når fylke lagar planar og arbeider med desse, er det arbeidet lite synleg. Korleis får me dette arbeidet fram i lyset? Kva kan me gjera? Kva kan me be fylke gjera?

3.mars 2021 skal VLFK ha dialogmøte om planen. Møtet er digitalt, med sending og nokre få tilstades hjå næringshagen i Ullensvang. Program vert sendt ut snarleg, og det vert høve for Hardanger å løfta fram sine saker, frå mange synsvinklar og organisasjonar. Me må spissa bodskapen vår og vera tydeleg tilbake.

Andre tema som kan løftast fram på møte og som påverkar utvikling er:

- Offentlege arbeidsplassar og tenesteyting i regionsentra i distrikta også. Ein kan ikkje oppretthalda distrikta utan offentleg infrastruktur.
- Korleis stimulera til forsking og utvikling også i distrikta?
- Felles bu-og arbeidsmarknader

Skal TH senda eigen uttale? TH drøftar dette i møte kort tid etter 3. mars.

2. Felles uttale til Vestland VLFK der ein ber om at etablerafonda vert oppretthalde.

TH ber om at ein får eit direkte sitat i uttalen frå ei av bedriftene som har fått stønad.

Uttalen må også sendast til administrasjonen i fylkeskommunen ved fylkesrådmann og Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling Bård Sandal.

Når endringar er gjort, skal uttalen sendast til Hardangerrådet med oppmoding om å slutta seg til denne og oversenda denne til VLFK.

3. Runde rundt “bordet”

Næringshagen i Hardanger/Sigmund:

- Eidfjord Resort er ei stor satsing og dei kjem med informasjonsmøte snart Berre i nær framtid skal det satsat 600 millionar kroner. Dette er absolutt ei Hardangersak.
- Det er få konkursar, færre enn venta. Men det kjem nokre kritiske månader no der nokre verksemder har brukt all oppspart kapital.

Visit Hardangerfjord/ Andreas:

- Dei skulle hatt eit oppstartsmøte for forprosjekt i ”Reiselivsstrategi for Hardanger”, men møtet er det utsett til ein kan gjennomføra eit fysisk møte.
- Det er føreslått nye ordningar til reiseliv, men dei skal først behandlast i Stortinget 23.02.2021.

Eidfjord/ Lisbeth:

- Eidfjord Resort: Kommunen sit ”stille i båten” til klagefristen er ute. Dette er ei sak som har pågått lenge, og det er ein viss avventande optimisme akkurat no. Men ein ser aktivitet av firma som ser moglegheiter her.
- Smittefagleg ansvarleg i kommunen har planlagt møte med bedrifter for informasjon om smitte- og beredskapsplaner for si bedrift komande sesong.
-

Næringshagen i Ullensvang/ Anna:

- Har fått innvilga grøn plattform og forprosjekt for Hydrogen.
- Alle 3 næringshagane har fått driftsmidlar for 2021
- Ny utlysing av næringsfond i Ullensvang kommune
- Spanande møte i morgen om nytt senter : ”Nasjonalt senter for frukt og sider”

Kvam/Jan:

- Næringsfond: Ny runde med tildeilingar. Omfanget er stort med krevande forvaltning.
Før ny utlysing vil ein prøva å laga nye rettningslinjer som er betre eigna.
- 5C kommune i koronasamanheng, der også kjøpesenter er stengde. Har slått ut urettferdig i små senter som Norheimsund og Øystese.
- Det nærmar seg også ei grense for kva små verksemder kan tola.

Ulvik/Mona:

- Ber om at det til neste møte kjem nokon som kan fortelja om stønader og tilskot ifm korona. Kva som er vedteke, tilgjengeleg osv.
- Lokal næringstøtte er viktig og den hjelper.

4. Orientering frå dagleg leiari i Hardangerrådet

Rådmannsforum vart utsett.

Hardangerrådet skal ha arbeidsmøte 18.02.2021 om RTP

Skal ha møte med skyss om turistbåtruta

5. Innmeldte saker

Jostein Soldal, Trolltunga Aktiv ber om meir fokus på reiselivsverksemder som fell utanom stønadsordningar.

TIL NESTE MØTE:

Ber om at de vert invitert nokon til neste møte i TH som kan sei noko om stønad/tilbud/ordningar som er til for næringslivet. Kva som faktisk er vedteke og tilgjengeleg.

Trude Rinaldo

Referent